



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavd.
postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1400 - 16/10550

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

27.05.2016

Høyring - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona og frå føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring på Refskar, gbnr 38/2.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Olav Skår om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 , for arealoverføring av 1500 m² til fritidseigedom på Refskar, gbnr 38/2.

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til fritidsbusetnad.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for arealoverføringa, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Omsøkt arealoverføring treng også dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, pkt 1.6.14 – storleik på fritidseigedomar – og frå pkt 2.1.1 – plankrav. Administrasjonen tolkar føreliggjande dispensasjonssøknad til også å gjelde desse to punkta.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen bør ikke gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd.- og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

Situasjonskart

38-2 1_1000

38-2 1_3000

Kopi til:

Olav Skår

Odlandsvegen 909 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland -
Kommunal og samfunnsplanavd.
Hordaland Fylkeskommune

postboks 7310 5020

BERGEN

Regionalavdelinga 5020

BERGEN